

## 1 **Barnevernsinstitusjonar skal kjennest ut som ein heim, ikkje ein arbeidsplass!**

2 Ungdommr som er plassert på barnevernsinstitusjon er i ein krevjande livssituasjon  
3 og har ofte samansette utfordringar. Dei har eit stort behov for trygge rammer og  
4 treng kvalifiserte tilsette som kan gi dei den hjelpa dei treng. På bakgrunn av  
5 dette har fleire institusjonar utarbeida langturnuser/medlevertturnuser, som vil sei at dei fleste  
6 tilsette jobbar samanhengande 2-4 dagar på og så har ei veke fri. Dette  
7 har ført til at institusjonar lettare har klart å rekruttere kvalifiserte søkarar og ha ei  
8 turnusordning som opplevast som positivt for ungdomane og drifta generelt på  
9 fleire barnevernsinstitusjonar. Effektane av dette har vore færre vaktskifte, færre  
10 deltidstillingar og færre tilsette som ungdomane må forhalde seg til. Dette skapar ei auka  
11 tryggleik for mange ungdomar og at barnevernsinstitusjonane lettare opplevast som å vere ein  
12 heim. Vidare fører det til auka kontinuitet i arbeidet og eit større rom for å jobbe med  
13 målretta miljøterapi. Samstundes syt langturnus for at det er enklare å bevare sosialfaglege  
14 kompetansearbeidsplassar i distriktet ved at fleire godtek å pendle lengre.

15

16 Til trass for at fleire institusjonar, landsforeininga for barnevernsbarn og tilsette er nøgd med  
17 langturnus, har Bufetat fleire stader i landet vald å slutte med det. Bufetat avdeling Sør har  
18 gått så langt at dei har vald å avskaffe turnusen på alle sine institusjonar. Samstundes føler  
19 institusjonsleiarar, tillitsvalde og arbeidstakarar at dei har hatt lite eller inga makt i  
20 avgjerdene.

21

22 Som eit resultat av det kan ungdomar som treng personal med lengre samanhengande  
23 turnusar bli utelukkande plassert på dei private barnevernsinstitusjonane. Ved å syte for at dei  
24 same langturnusane i dei private som i dei statlege insitusjonane, kan det gjere dei private  
25 institusjonane meir attraktive og dermed heve komptasnen på dei. Då kan sårbare ungdomar  
26 verte møtte med den komptansen dei trnag for å få eit best mogkeg opphald. Samstundes  
27 styrkjer det arbedistakarane sine rettigheter og vil bidra med å likestille konkurransen  
28 mellom dei private og dei statlege institusjonane.

29

30 Senterungdommen vil:

- 31 • Ha som mål å auke antal statlege barnevernsinstitusjoner som brukar langturnusar.
- 32 • Forandre medlevarforskrifta, slik at arbeidsgivar har plikt til å involvere
- 33 fagforeiningar og arbeidstilsynet i etablering eller fjerning av
- 34 langturnus/medlevertturnus.

- 35       • Bahalde og etablere langturnus i barnevernsinstitusjonar der det er fagleg forankra, og  
36       la institusjonane i større grad vere med på å påverke kva turnusordningar dei vil ha.  
37       • Ha som hovudregel at dagens langturnusar i statlege institusjonar også skal gjelde dei  
38       private barnevernsinstitusjonar.

39

40 Innsendt av Møre og Romsdal Senterungdom